

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at Statens vegvesen engasjerar seg i utviklinga av ferjemarknaden på lang sikt. I rapporten og i tilrådingane er det peika på fleire område som bør utgreiast nærare. Hordaland fylkeskommune er positiv til utvikling av ein «nasjonal ferjeplan», og legg til grunn at eit slikt utviklingsarbeid skjer i eit likeverdig samarbeid med fylkeskommunane. Ein «nasjonal ferjestandard» bør leggjast til grunn for løyving gjennom inntektssystemet til fylkeskommunane for finansiering av ferjedrifta. Hordaland fylkeskommune meiner at det ikkje er føremålstenleg med ei forpliktande ferjedriftsstandard. Den einskilde fylkeskommune/innkjøpseining må stå fritt til å sjølv å ta avgjerd om tenleg driftsstandard ut i frå lokale forhold og lokale prioriteringar.
2. Hordaland fylkeskommune har stått for innkjøp og drift av ferjetenestene på fylkesvegnettet sidan ein fekk overført ansvaret ved forvaltningsreforma i 2010. Ferjedrifta er viktig i Hordaland, og er eit sentralt politikkområde. Fylkeskommunen har gjennom sin kjennskap til lokale forhold, samt sitt ansvar for tilknytte vegsamband, kollektivtrafikk, båt og andre transporttenester slik som skoleskyss større moglegheit enn staten for å kunne gjere heilskaplege tiltak knytt til takstar, tilbod med meir. Fylkeskommunen er godt nøgd med den organiseringa av ferjedrifta som ein har i fylket, og vil difor halda fram med å drifta dette i eigen regi.
3. Hordaland fylkeskommune vil peika på at intensjonane med forvaltningsreforma var m.a. at ein skulle flytta avgjerdsmakta tettare mot brukaren og styrka det regionale nivået. I den pågåande regionaliseringsprosessen er desse momenta ytterlegare forsterka. Ut frå dette meiner fylkeskommunen at det bør vurderast å leggja drifta av riksvegsambanda inn i dei nye regionane.